LINDÅS KOMMUNE
Knarvik ungdomsskule

Leif Hosøy Sleire - komm. repr.

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Olaf Michal Hella | 16.10.2015 |
| Vår: 15/2958 - 15/32319 | Olaf.Hella@lindas.kommune.no | |

# Referat frå samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 15.10.15

Tid: 15.oktober 2015 kl 18.00
Stad: Personalrommet

Til stades: Leif Hosøy Sleire, Unnhild Vassdal, Eirik Fjellstad, Maylinn Byrknes, Øystein Aamli, Elisabeth Valle, Sissel Nordland og Olaf Hella

Fråværande: Trine Holsen

**Sak 01 / 2015-16 Konstituering SU**
Leiar: Unnhild Vassdal
Nestleiar: Elisabeth Valle

**Sak 02 / 2015-16 Årsmelding fjorårets SU / SMU**
SU tek årsmelding til etterretning.

**Sak 03 / 2015-16 Gjennomgang av oppgåvene**
SU tek årshjul til etterretning.

**Sak 04 / 2015-16 Gjennomgang av verksemdsplan**
SU tek verksemdsplanen til etterretning.
Det kom fram at datamaskinene til tider er for treige. Rektor informerte at dei skal skiftast i 2016 og inntil vidare må dei brukast med ladar og eleven må ha same maskina.

**Sak 05 /2015-16 Kvalitetsplan for oppvekst LE-2.9 – les www.lindas.kommune.no**
Høyringar og kunngjeringar – høyring på framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 – 2019.
SU tek kvalitetsplan for oppvekst til etterretning.

**Sak 06 / 2015-16 Ymse**

Ein tok opp saka om kroppsøving og dusjing etter undervisning. Ein må sende brev til eigedom og be om at det vert satt opp dører og skiller mellom dusjane. Det er eit ønskje om at det vert montert speil i garderobane.

## Referat frå  møte i Skulemiljøutvalet (SMU)

Til stades: Unnhild Vassdal, Eirik Fjellstad, Maylinn Byrknes, Øystein Aamli, Elisabeth Valle, og Olaf Hella

Fråværande: Trine Holsen

**Sak 01 / 2015-16 Konstituering**
Leiar: Elisabeth Valle
Nestleiar: Maylinn Byrknes

**Sak 02 / 2015-16 Elevmiljøet**
Elevane seier det er generelt eit godt skulemiljø. Dei fleste har nokon å vere med. Dei observer at det er elever som sit aleine. Det er uklart om dei vel dette sjølv. Det er elever som slit av personleg karakter. Volleyball i amfiet er eit viktig bidrag for at elevar skal kjenne seg inkludert i fellesskapet. Dette er særs viktig for å ha eit positivt elevmiljø. Det gjer at vi har mindre elevkonfliktar, fleire aktive og elevane kjenner seg  som ein del av fellesskapet. Elevane vert samtidig tryggare på tvers av trinna.
Skulen skal kjøpe inn benkar, slik at ein kan sitje i gangane. Dette kan gjere at bordtennisborda kan verte frigjort for spel av bordtennisborda.
Aktivtetane er  positive for miljøet.

**Sak 03 / 2015-16 Ymse**
Rektor orienterte om bruken av faget utdanningsval for skulen. Sjå vedlegg.

Med helsing

Olaf Michal Hella
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
Leif Hosøy Sleire - komm. repr.
Trine Holsen - FAU
Unnhild Vassdal - FAU
Medlemer i SU
Representant andre tilsette
Lærarrepresentantar
Elevrådsrepresentantar
Basi Pashaei - vara for Trine Holsen
FAU
Ann Kristin Legernes - vara for
Unnhild Vassdal (FAU)